



Dato: 27.12.2013

Vannregion Vest-Viken
Buskerud fylkeskommune
v/ Hilde Reine
Postboks 3563
3007 DRAMMEN

LOKAL TILTAKSANALYSE FOR AUST-TELEMARK VASSOMRÅDE - VEDTAK I STYRINGSGRUPPA

Styringsgruppa for Aust-Telemark VO handsama utkast til lokal tiltaksanalyse i møte 24.10.2013. Tiltaksanalysen vart deretter ferdigstilt og justert etter tilbakemeldingane som kom fram på møtet. Styringsgruppa fekk analysen til gjennomsyn før han vart sendt til handsaming i kommunane.

Etter handsaming av lokal tiltaksanalyse i kommunane, gav styringsgruppa i Aust-Telemark vassområde einstemmig tilslutning til følgjande uttale frå vassområdet til VRM angående tiltaksanalysen:

1. I samsvar med vedtak i kommunane Vinje, Tinn og Notodden tilrår styringsgruppa for Aust-Telemark vassområde at lokal tiltaksanalyse inngår som grunnlag i den regionale vassforvaltningsplanen for Vest-Viken vassregion.
2. Styringsgruppa støttar Tinn kommune sitt brev "Prioritering av komande revisjonssaker - merknadar til NVE Rapport 49/2013" til vassregionmyndigheita (VRM) datert 05.11.2013, og ber om at det i arbeidet med forvaltningsplanen for Vest-Viken blir teke omsyn til dei feil og manglar som er påpeika i brevet frå Tinn kommune.
3. Styringsgruppa ber vassregionmyndigheita (VRM) om å sende ei henstilling til Olje- og energidepartementet (OED) om at fornyinga av Møsvasskonsesjonen blir slutthandsama i nær framtid.
4. Styringsgruppa ber VRM arbeide for auka statlege løyvingar til vassforvaltningsarbeidet, dette gjeld både til auka kunnskapsinnhenting ved overvaking / problemkartlegging, til gjennomføring av tiltak og til vidare drift av vassområda.

Med helsing

Eivind Ørnes

Nestleiar for styringsgruppa
Aust-Telemark vassområde

Kopi: Telemark fylkeskommune, v/ Ingrid Strande